
Fra: Dag Inge Bøe
Sendt: tirsdag 26. juni 2018 13.37
Til: Olaf Michal Hella
Kopi: Postmottak Radøy
Emne: Forvaltningsrevisjon.
Vedlegg: 1.1 Prosjektplan Tidleg innsats.pdf

Hei!

Kva er ståa vedr. lister frå skulane som ein kan distribuere spørjeundersøkelsar til foreldra gjennom?

Vidare ynskjer eg at du legg fram dokumentasjon som svarar på problemstilling nr 2 i den vedlagte prosjektplanen. (*Problemstilling 2: Oppfyller Radøy kommune krava om styrkt lærartettleik på 1-4 trinn i opplæringslova § 1-3 andre ledd?*) Eg ynskjer dokumentasjon for skuleåra 2016/17 og 2017/18, dersom sistnemnde er klar. I utgangspunktet kan du sende det same som kommunen sender Utdanningsdirektoratet i samband med dette.

Eg bed om at det vert sett opp ei oversikt over alle enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning som er fatta etter 01.08.2011. Vedtak som gjev avslag er òg å rekne som vedtak. Ut frå denne lista kjem eg til å trekke nokre saker å nytte som stikkprøvar i samband med problemstilling 4.

No har eg jobba litt med andre prosjekt, men det er no tid for å ta fatt på neste fase av forvaltningsrevisjonen i Radøy knytt til tidleg innsats. I den samanheng kjem eg til å:

- kontakte PPT-leiar og avtale intervju
- kontakte rektorer ved to barneskular for å avtale intervju (Manger og Hordabø)
- kontakte leiarar ved to barnehagar for å avtale intervju (Prestmarka og Bø).
- kontakte rektor ved ungdomsskulen for å avtale intervju.

Eg ynskjer òg å gjennomføre eit intervju med oppvekstsjef og bed om at du føreslår eit tidspunkt som høver for deg.

Med venleg helsing,

Dag Inge Bøe
Forvaltningsrevisor
Nordhordland Revisjon.